

Hordaland fylkeskommune

hfk@hfk.no

Høyring – Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion

Regionrådet i Nordhordland viser til høyringsbrev 14.10.16 – «Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion».

Regionrådet i Nordhordland er i utgangspunktet positive til at det vert etablert ein Vestlandsregion. Ein føresetnad for dette er at viktige samfunnsoppgåver vert overført frå statleg til regionalt nivå, det vil gje grunnlag for betre samordning og utnytting av ressursane.

Dei regionale statlege etatane bør følgja dei same grensene som ein Vestlandsregion slik at det blir best mogeleg samsvar mellom korleis stat og regionane organiserer seg.

I St. meld. 14 (2014-2015) «Kommunereforma - nye oppgåver til større kommunar» er det lagt stor vekt på at det statlege tilsynet av kommunane skal reduserast og effektiviserast. Ein regional stat som følg den geografiske inndelinga til ein Vestlandsregion, vil kunne gje grunnlag for å realisera dei intensjonane som er i St. meld. 14.

Nedgangen i oljeøkonomien har ramma Vestlandsregionen hardt. Ein samla Vestlandsregion kan gje grunnlag for ein sterkare rolle som samfunnsutviklar enn det dei tre fylka får til kvar for seg. Men det føreset også at staten overfører viktige samfunnsoppgåver til regionalt nivå og vidare ut i distrikta til kommunane. Samtidig må det vurderast om det er oppgåver som dagens fylkeskommunar utfører, som kan overførast til kommunane.

Regionrådet vil understreke at administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen må vera nynorsk. Vestlandet har lange tradisjonar for å bruka nynorsk, og nynorsken er ein viktig del av den regionale identiteten. Dette står sjølvstøtt ikkje i vegen for at Vestlandsregionen skal sikra dei språklege rettane til alle innbyggjarar, både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar.

Knarvik, 30. november 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland